

## FYLKEVALPROGRAM FOR HEDMARK OG OPPLAND SENTERPARTI

2023 - 2027

### FOR EI SAMFUNNSUTVIKLING MED RETTFERDIG FORDELING OG GEOGRAFISK BALANSE

**Senterpartiet står for ei forvaltning av våre felles ressursar med ein berekraftig bruk av naturen. Balansen mellom bruk og vern ligg mellom tilgjengelege ressursar, lokalkunnskap, rettferdig fordeling, geografisk balansering og nasjonalt regelverk og forpliktingar.**

- 1. Vi vil ha ein utdanningspolitikk som sikrar gode tilbod med god kvalitet nær der folk bur, både for vidaregåande opplæring og høgare utdanning.**
- 2. Vi vil ha ein samferdselspolitikk som gjer at vi utviklar og tek vare på det vi har. Vi må bygge nytt der vi må for å sikre framkommelegheit og trafikktryggleik. Vi må sikre alle i Innlandet høgastigheits breiband- og mobildekning innan 2025.**
- 3. Vi vil ha ein næringspolitikk som sikrar heile verdikjeda innan industri, teknologi, landbruk og reiseliv og utvikling i alle kommunane i heile Innlandet.**
- 4. Vi vil ha ein rovviltpolitikk som tek meir omsyn til beitenæringa, grunneigarar, jegerar og friluftinteresserte, og ikkje minst lokalsamfunna som ligg nær rovdyra.**
- 5. Vi vil ha ein klima- og miljøpolitikk som bidreg til å redusere geografiske og sosiale forskjellar og som sikrar ei berekraftig forvaltning med framtidstru.**
- 6. Vi vil ha ein energipolitikk som sikrar eit langsiktig eigarskap med god lokal forankring, som gjev både eigarane og energiselskapa føreseielege rammevilkår, og som sikrar innbyggjarar og næringslivet sikker leveranse av strøm til rimeleg pris.**
- 7. Vi vil ha ein kulturpolitikk som styrker frivilligheita og legg til rette for eit breidt spekter av kultur- og idrettstilbod og sikrar vår kulturarv som er viktig for identitet, inkludering og tilhøyrighet.**
- 8. Vi vil ha ein helsepolitikk som sikrar desentraliserte helsetenester, som yter gode og likeverdige tilbod, og satse på førebygging framfor reparering.**

«Jeg ønsker ingen fremtid som vil bryte båndene til fortiden» - Mary Ann Evans, som skreiv under pseudonymet George Eliot for å vere sikker på at det ho skreiv vart teke seriøst.

#### **I Senterpartiet sitt verdigrunnlag står det:**

**Jorda** er ein arv som vi forpliktar å forvalte for våre etterkommarar.

Senterpartiet vil at Norge skal ta sin del av ansvaret for å løyse miljø- og klimaproblema.

Senterpartiet vil gjere dei fornybare naturressursane, og bruk av desse i lange verdikjeder, til fundamentet for økonomien.

## **LEVANDE OG TRYGGJE LOKALSAMFUNN I HEILE NORGE**

Senterpartiet vil ta vare på og utvikle heile det Norge vi er så glade i. Eit Norge med små skilnader, tryggleik for alle, og med levande lokalsamfunn over heile landet.

Vi er inne i ei tid der alt går stadig raskare, vi har hatt ein pandemi, det er krig i Europa og samfunnet er prega av sterkare polarisering mellom grupper og verdsdelar. Samtidig er Norge eit av verdas rikaste land, med nokre av verdas beste velferdsordningar. Senterpartiet meiner at vi er inne i ei brytningstid, der vi må ta klimaendringane på alvor, styrke beredskapen vår, sikre ein berekraftig velferdsstat, sikre nasjonalt eigarskap og tydeleggjere den lokale og nasjonale sjølvrådet. Vi må førebygge uro og polarisering ved å gje like moglegheiter til å skape gode lokalsamfunn. Dette må vere uavhengig av kvar du bur, økonomi og sosial tilhøyrighet. Statens oppgåve er å sikre rettferdig fordeling som har aksept i kommunar og fylkeskommunar.

Senterpartiet vil bygge Norge og ta heile landet i bruk. Vi vil ha gode tenester over heile fylket. Vi vil sikre høghastigheits breidband, mobildekning og betre fylkesvegar i heile Innlandet. Vi vil gje ungdom og vaksne dei beste moglegheiter for læring og utdanning. Vi vil føre ein aktiv næringspolitikk og skape arbeidsplassar, verdiskaping og bulyst i heile fylket.

Senterpartiet trur på enkeltmennesket si evne til å ta ansvar for seg sjølv og for andre. Vi ynskjer ikkje at stadig færre skal styre stadig meir over stadig fleire. Senterpartiet vil samtidig stoppe den auka byråkratiseringa, som mange føler er ei stor umyndiggjering av dei sjølve. Senterpartiet vil basere sin samfunnsmodell på tillit, framfor byråkrati og overdriven bruk av kontroll.

Senterpartiet i Innlandet skal vere eit alternativ til Oslo-området sin dominans i norsk samfunnsniv. Vi vil at mange av dei forvaltningsoppgåvene som i dag blir løyste av statlege direktorat og offentlege etatar, skal flyttast til våre område for å fordele både makt, kunnskap og busetjing.

### **Senterpartiet vil:**

1. Sikre at fleire avgjersler blir tekne nærare folk og folk sin kvardag gjennom overføring av oppgåver og pengar frå staten og statsforvaltaren til kommunane og fylkeskommunane.
2. Jobbe for at både kommunalt og statleg NAV er til stades i alle kommunar for å sikre god tilgang til deira tenester. Det statlege NAV må fylgje statlege retningslinjer for lokalisering av sine arbeidsplassar og tenesteproduksjon.
3. Ha god beredskap i heile fylket, med nød- og forsvarsetatar tilstades, organisert for å sikre tryggleik og likeverd for folk uansett kvar dei bur.
4. Bidra til aktiv næringsutvikling, levande kulturliv, god breibands- og mobildekning, samt best mogleg vidaregåande opplæring i Innlandet.
5. Vere eit tydeleg talerøyr mot statleg overstyring, sentralisering og byråkratisering for folk i Innlandet.
6. Sikre lokalt og nasjonalt eigarskap av norske ressursar - vi seier nei til sal av Norge!

## **EIT LEVANDE FOLKESTYRE**

Alle i Norge skal sikrast påverknad i sitt eige lokalsamfunn. Vi trur på folk sin klokskap, livserfaring og evne til å gjere gode val. Eit levande folkestyre er derfor ein berebjelke i Senterpartiet sin politikk.

Senterpartiet vil sikre at avgjersler skal treffast nærast mogleg den dei gjeld. Dette føreset desentralisering av makt og respekt for det lokale folkestyret. Eit sterkt norsk folkestyre føreset ein velfungerande nasjonalstat. Senterpartiet er imot å overføre myndigheit til overnasjonale organ der norske veljarar ikkje lenger kan påverke kven dei blir styrte av. Senterpartiet er derfor mot norsk medlemskap i EU og EØS. Auka byråkrati og flytting av makt ut av Norge til EU undergrev sjølvrådet, openheit og demokratiet i landet vårt. Den velfungerande norske modellen og det tillitsfulle samfunnet vårt må vi ta vare på.

Senterpartiet meiner byråkratiet må begrensast på alle nivå. Dei som fattar viktige avgjersler for folk sine liv, må stå til demokratisk ansvar og kunne skiftast ut ved val. For at oppgåvene skal kunne bli løyst så nær folk som mogleg, treng vi to forvaltningsnivå under det nasjonale – kommunar og fylkeskommunar. Fleire oppgåver som i dag blir løyste av staten, bør leggjast til eit regionalt folkevald nivå.

### **Senterpartiet vil:**

1. Behalde fylkeskommunen og utvikle alle tre forvaltningsnivåa i Norge og sikre ein kommune- og fylkesstruktur basert på lokale vedtak som tilbyr gode tenester nær folk.
2. Jobbe for å overføre statsforvaltarens oppgåver som ikkje omhandlar tilsyn, kontroll eller klage, til fylkeskommunane. Jordvern skal vere unnatak.
3. Endre dei statlege planretningslinene for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging for å sikre at det blir lagt til rette for vekst og utvikling i område med svak eller negativ befolkningsutvikling. Planretningslinene skal ikkje bidra til raskare nedbygging av dyrka mark.
4. Sørge for gode moglegheiter for medverknad og påverknad for innbyggjarane i heile fylket.
5. Respektere rådgjevande folkeavstemmingar.

# **1. Utdanning - Vi vil ha ein utdanningspolitikk som sikrar gode tilbod med god kvalitet nær der folk bur, både for vidaregåande opplæring og høgare utdanning.**

Den vidaregåande opplæringa i Innlandet skal leie unge menneske inn i vaksenlivet ved å tilby eit utdanningsløp der elevane både får oppleve sosial og fagleg meistring. For å få til det må ein sikre eit desentralisert og breitt tilbod i heile Innlandet. der elevar sjølve kan velje ei retning som både passar deira kunnskapar, og personlege interesser. Vi vil jobbe for at ingen vidaregåande skular eller studiestadar i Innlandet blir lagt ned.

Samarbeidet mellom kommunane og fylkeskommunen og det å sjå det 13-årige løpet i samanheng, er viktig. Både når det gjeld fagleg innhald og overgangen frå ungdomsskulen til vidaregåande opplæring, rådgjevingstenesta og opp mot behovet for arbeidskraft for kommunane og næringslivet.

Eleven sin valfridom til kva yrkesveg ein ynskjer å gå skal vera stor. Samstundes er det viktig å sikre at elevane på den vidaregåande skulen i Innlandet både får relevant kompetanse, og eit stort spenn i kompetansen. Derfor er det viktig å gjere relevante utdanningsvegar attraktive for dei, og at ein freistar å i stor grad sørge for at utdanningstilbodet rundt om i Innlandet er retta mot lokale bedrifter og tilhøve. For å få til det er mellom anna eit fruktbart tiltak å satse på vaksenopplæringstilbodet. Vaksenopplæringa i Innlandet er eit tilbod som har merka stor auke i elevtal, og berre i 2019 har 799 elevar som er over 25 år teke studieførebuande fag, og 802 har avlagt fagprøve. Senterpartiet ser kor stor pågangen er på dette tilbodet, og kor stor samfunnsverdi det har at folk får ein sjanse til å omskulere seg etter vidaregåande.

Senterpartiet vil ha nærskuleprinsippet i staden for fritt skuleval, då denne inntaksordninga medverkar til at færre elevar må reise langt eller bu på hybel under vidaregåande opplæring. Nærskuleprinsippet er også viktig for at flest mogleg skal fullføre og bestå vidaregåande.

Jobbmarknaden og samfunnssituasjon i Norge og Innlandet er heilt annleis enn berre for nokre tiår attende. Dei alternative vegane ut i arbeidslivet som ikkje inneber vidaregåande opplæring, er praktisk talt borte. Derfor er det eit fylkeskommunalt ansvar å sikre alle unge i Innlandet eit vidaregåande opplæringstilbod som passar dei både kva gjeld personlege evner, og er tilpassa eleven som individ. Den innlandske skulen skal vere ein skule som er inkluderande, arbeider for trivsel, og med eit kontinuerleg fokus på det psykososiale miljøet. Elevar som droppar ut av den vidaregåande opplæringa seier oftast at det er psykiske plager som er hovudårsaka til at dei droppar ut. Her har fylkeskommunen ei nøkkelrolle i å førebygge dropp-out ved å sikre at apparata rundt elevane og faglærarane har mange tiltak som fremjer god læring, trivsel og tryggleik.

## **Senterpartiet vil:**

1. Jobbe for å utvikle kvaliteten i dei vidaregåande skulane og oppretthalde dei skulane og studiestadane vi har i Innlandet i dag.
2. Jobbe tett saman med kommunar og næringslivet i Innlandet for å sikre lære plassar.

3. At flest mogleg elevar skal fullføre og bestå vidaregåande utdanning.
4. Differensiere krav til elevtalsgrunnlag for å oppretthalde undervisningstilbod, der avstandane er større og elevgrunnlaget mindre.
5. Satse på Fagskulen i Innlandet og jobbe for å få på plass fleire studieplassar.
6. Ha fullføringsgaranti for nedleggingstruga utdanningstilbod.
7. Sikre presis kartlegging av dei psykososiale tilhøva på alle vidaregåande skular i Innlandet, og jobbe etter handlingsplanen for psykisk helse.
8. Legge til rette for at det skal vere eit dagleg helsesjukepleiartilbod på alle vidaregåande skular i Innlandet.
9. Auke rådgjevarressursane slik at alle elevane kan bli kalla inn til minst ei samtale i året.
10. Bygge vidare på ordningar som bind rådgjevarressursar mellom ungdomsskule og vidaregåande skule saman, slik at overgangen blir best mogleg for eleven og dei tilsette.
11. Sikre at elevtenesta er godt samansett og fungerer som ein tverrfagleg ressurs for heile skulen.
12. Sikre alle elevar eit godt og trygt læringsmiljø som fremjer læring. Det må derfor jobbast aktivt mot alle former for mobbing og krenkingar.
13. At alle skular skal vere universelt utforma og tilgjengelege, slik at alle elevar kan gå på sin nærskule.
14. Styrke førebyggjande arbeid mot narkotikamisbruk ved at politiet har god dialog med skulane og ungdomsmiljøa og initiere til bruk av SLT-modellen for å førebygge narkotikamisbruk. (SLT er eit hjelpemiddel for å samordne rus-og kriminalitetsførebyggjande tiltak for barn og unge.)
15. Legge til rette for at elevar frå andre fylke som søker seg til Innlandet får eit godt kollektivtilbod og ein enkel søknadsprosess.
16. Halde fram med næreskuleprinsippet som inntaksordning.
17. Gje ekstra ressursar til skular med mange bortebuarar slik at elevtenesta er betre rusta til større grad av oppfølging.
18. Legge betre til rette for alle målformer, sikre at alle vidaregåande elevar har tilgang på lærebøker i sine målformer og sjå på moglegheiter for bruk av sidemål i fleire fag enn norsk.
19. I større grad legge til rette for alternative vegar til fagbrev gjennom t.d. fagbrev i bedrift.
20. Hindre fråfall i skulen, og lette lærarane sin kvardag ved å satse vidare på identifisering, kartlegging og oppfølging, IKO-modellen.
21. Sikre eit godt busstilbod til alle vidaregåande elevar.
22. Halde fram med satsinga på vaksenopplæringa.
23. Leggjje til rette for studiestadar til høgare utdanning ute i distrikta, og sjå etableringar av høgskule, universitet, fagskuletilbod og generell vidaregåande opplæring i samanheng.
24. At fylkeskommunen må tilby den kompetansen som arbeidslivet har bruk for, både på vidaregåande nivå, innan vaksenopplæringa og på fagskulenivå.
25. Ha etablering av medisinstudier ved NTNU på Gjøvik.

26. Jobbe for å etablere ei landsline for grovforbasert fjellandbruk på Storsteigen.
27. Hegne om og vidareutvikle naboavtaler for vidaregåande skular i grenseområde.
28. Sørge for breiare fagtilbod i vidaregåande opplæring, ved å ta i bruk moglegheitene som ligg i digital og samlingsbasert undervisning.
29. Gjennomføre fleire utprøvdagar på vidaregåande skule.
30. Arbeide for desentraliserte tilbod av sjukepleiar-, lærar og ingeniørutdanningar.
31. At vidaregåande opplæring må sjåast i samanheng med lokalt næringsliv, særleg innan mat- og energiproduksjonsline.

## **2. Samferdsel - Vi vil ha ein samferdselspolitikk som gjer at vi utviklar og tek vare på det vi har. Vi bygger nytt der vi må for å sikre framkommelegheit og trafikktryggleik. Vi må sikre alle i Innlandet høghastigheits breiband- og mobildekning innan 2025.**

Folk og næringsliv, uansett kvar dei bur eller er etablert, er avhengig av eit godt vegnett. Innlandet fylkeskommune har ansvaret for vel 7000 km med fylkesveg, inkludert gang- og sykkelveg. Senterpartiet vil ha ei offensiv satsing på ei oppgradering og opprusting av fylkesvegnettet. Deler av dagens fylkesvegnett har ikkje god nok bereevne og er ikkje tilpassa dagens trafikk og dagens køyretøy. Dette går utover bulyst, det hemmar utvikling av næringslivet og det kan få konsekvensar for beredskapen. Senterpartiet ser det som heilt avgjerande at det blir løyvd nok midlar til å kunne utvikle dagens fylkesvegnett.

Innlandet fylkeskommune er også den nest største vegegaren i Norge. Berre Statens vegvesen har ansvar for meir vegnett. For Senterpartiet er det viktig at fylkeskommunen driv eit målretta og offensivt trafikktryggleiksarbeid. Dette kan skje i eigen regi og i samarbeid med Statens vegvesen, Trygg Trafikk og andre fylkeskommunar. Vi har ingen å miste i trafikken. Senterpartiet ønskjer å styrke trafikktryggleiksarbeidet ved å gjennomføre målretta vedlikehaldsarbeid, særleg retta mot kurveutbetringar. Senterpartiet ønskjer og å bidra til haldningsskapande arbeid i den vidaregåande skulen og at ein får til eit godt og konstruktivt samarbeid med kommunane på dette feltet.

Senterpartiet vil ha ei satsing på veg og bane, i tillegg til full dekning av mobilnett og utbygd breiband. Uansett kvar du bur i Innlandet skal du ha dei same moglegheitene. Da er det mellom anna heilt nødvendig med full mobildekning, og eit fullt utbygd breiband. For Senterpartiet er det også viktig at ein satsar på ei utbygging og oppgradering av jernbanenettet. Eit godt utbygd jernbanenett vil vere viktig for at jernbanen kan ta ein større del av både persontrafikken og godstrafikken.

Innlandet har mykje riksvegnett nord-sør og aust-vest som er viktige transportkorridorar for Norge, og som er viktige for innbygarane og lokalt næringsliv. For Senterpartiet er det ei prioritert oppgåve å få til ei utvikling og utbygging av dette vegnettet. Dette gjeld særleg E16 Fagernes-Hande, E16 Nybakk-Slomarka, Rv. 4 frå Mjøsbrua til Oslo, Rv 15 over Strynefjellet, Rv 25 Trysil-Elverum og ferdigstilling av utbygginga av E6 gjennom Gudbrandsdalen og Rv 3 gjennom Østerdalen.

## **Senterpartiet vil:**

1. Sørge for at alle får tilgang på breiband og full mobildekning til alle husstandar i Innlandet innan 2025.
2. Bruke andre tildelingskriteria enn berre pris i tildeling av samferdselskontraktar, mellom anna miljøomsyn, gode arbeidsvilkår, bruk av læringar og lokal arbeidskraft. Gode arbeidsvilkår og bruk av læringar skal vere eit konkurransefortrinn og ikkje ei begrensing. Dette er viktige tiltak mot sosial dumping og fremmer bruk av lokal arbeidskraft.

## **Jernbane**

1. Krevje fullføring av InterCity utbygginga til Lillehammer. Få på plass delar av dobbeltsporet så snart det er mogleg. På sikt bør det på plass dobbeltspor på heile strekninga.
2. Jobbe for fleire togavgangar på Gjøvikbanen, Dovrebanen, Kongsvingerbanen og Rørosbanen, og gjenoppretting av persontrafikk på Solørbanen.
3. At fylkeskommunen skal vere ein pådrivar for planlegging og tilrettelegging for terminalar for gods og tømmer. Det må byggast tilsvingar, samt kryssingsspor, for å få meir gods og meir folk over på jernbanen.
4. Vere pådrivar for statlege investeringsmiddel til elektrifisering av heile Røros- og Solørbanen, arbeide for dobbeltspor på Gjøvikbanen mellom Oslo og Jaren og gjennomføre tiltak for å sikre ei vidareutvikling av Kongsvingerbanen.

## **Kollektiv**

5. Jobbe for at Mjøsbyen skal få byvekstavtale eller komme inn under ei form for belønningsordning for å styrke kollektivtilbodet og binde mjøsområdet saman og styrke kollektivtilbodet i heile fylket.
6. Saman med drosjenæringa gå gjennom kva dei kan tilby av tenester som ein del av kollektivtilbodet. Senterpartiet meiner at dette er særleg viktig for å sikre eit godt og fullverdig kollektivtilbod i distrikta, særleg for dei som ikkje disponerer eigen bil.
7. Hegne om tilbodet «Trygg heim» for ungdom.
8. Innføre studentkort, med tilhøyrande rabatt, på kollektivtransport.
9. Jobbe for flybusstilbod frå alle byar i Innlandet til Gardermoen.

## **Veg**

10. Ein målretta plan for utvikling og oppgradering av fylkesvegnettet med utbetring av flaskehalsar og bruer og gjennomføre forsterknings- og dekketiltak. Dette arbeidet må skje i tett dialog med kommunane som veit best kor utfordringane er størst.
11. Auke midlane til vedlikehald av fylkesvegnettet. Dette er særleg viktig for å auke bulyst og sørge for å legge til rette for næringslivet.
12. Avslutte innkreving av bompengar på sidevegnettet viss kommunane ønskjer dette.
13. Vere ein pådrivar for å utvikle og ta i bruk ny teknologi i arbeidet med å drifte og vedlikehalde fylkesvegnettet.

14. Stimulere til utdanning av fleire fagfolk til samferdselssektoren. Det gjeld særleg driftsoperatørar, bru- og vegingeniørar.

### **3.Næring** - *Vi vil ha ein næringspolitikk som sikrar dei lange verdikjedene innan industri, teknologi, landbruk og reiseliv og utvikling i alle kommunane i heile Innlandet.*

#### **Arbeidsliv og næringsliv generelt**

Felleskapet si utvikling av tenestetilbod, infrastruktur og samfunnsutvikling generelt er i stor grad avhengig av vår evne til verdiskaping nasjonalt, regionalt og lokalt. Innlandet sine moglegheiter til verdiskaping ligg i å ta i bruk eigne fortrinn og naturressursar, humankapital og kompetanse på ein miljøvennleg og berekraftig måte. Innlandet kan spele ei viktig rolle i å styrke fastlandsøkonomien.

Innlandet har store jordbruksareal, skog, utmark, bergressursar og energi som gjev grunnlag for at store og viktige verdikjeder skal utviklast. Aktiv og balansert bruk av våre naturressursar er ei betre forvaltning enn einsidig vern.

Innlandet har tunge industri- og teknologimiljø, ei omfattande reiselivsnæring, viktige kompetanseinstitusjonar og -miljø, næringshagar og klynger. Enkelte miljø er langt framme innan forskning, utvikling og innovasjon. Berekraft, digitalisering og internasjonalisering er tunge utviklingsdrivarar som kan gje Innlandet moglegheiter.

I Innlandet er det nå generell mangel på arbeidskraft og kompetanse innanfor svært mange sektorar. Det vil derfor vere ei sentral oppgåve å få fleire kvalifisert for arbeidslivet. Både unge og vaksne utdanningssøkande, samt brukarar av NAV med arbeidsevne eller restarbeidsevne. Framover må det tenkast nyskaping og omstilling for å skape nye arbeidsplassar.

#### **Ungdom**

Det er svært viktig at ungdom får eit godt møte med arbeidslivet. Det skapar motivasjon, arbeidslyst, sjølvtilitt og ikkje minst arbeidstrening. Senterpartiet ønskjer å legge til rette for at fleire ungdommar, heilt ned i ungdomsskulealder, skal få prøve seg i arbeidslivet. Både offentleg sektor og privat næringsliv vil vere aktuelle for ei slik satsing. Som ein del av satsinga vil Senterpartiet, i starten, få til eit samarbeidsprosjekt mellom fylkeskommunen og dei kommunane som vil vere med. Tilrettelegging som gjennomgang av regelverk for arbeidsgjevarar, insentivordningar og tilbod om oppfølging undervegs vil vere viktig. Det må bli enklare for arbeidsgjevarar å ha skuleungdom i arbeid.

#### **Bioøkonomi**

I klimareknskapen og det grønne skiftet står skog, treindustri og bioøkonomi heilt sentralt. Innlandet vil derfor med sine store bioressursar få ei viktig rolle både i klimareknskapen og sirkulærøkonomiske løysingar. Alt som kan produserast av olje, kan også hentast frå tømmerstokken og anna biologisk materiale. Innlandet har 34% av skogarealet og 40% av landet si avverking av tømmer. Innlandet skal ha meir tre- og skogbasert industri. For mykje tømmer blir eksportert til Sverige. Ved eiga foredling av tømmerstokken kan verdiskapinga aukast rundt 10 gonger. Rammevilkår må betrast slik at det kan satsast på treforedling slik som i Sverige og Finland. Innlandet har fåe private kapitalsterke aktørar som kan bidra til å reise ny skogindustri eller annan aktuell verksemd av større omfang. Privat og/eller offentleg kapital er heilt nødvendig for å utløyse viktige verdiskapingsmoglegheiter. Innlandet fylkeskommune blir saman med Innovasjon Norge og andre kapitalkjelder viktige for det grønne skiftet i Innlandet.

### **Jordbruk**

Innlandet er det største jordbruksfylket i landet og står for 20% av jordbruksproduksjonen. Eit aktivt jordbruk og god utnytting av utmarka er heilt grunnleggande for å sikre arbeidsplassar og verdiskaping både i primærproduksjon, foredlingsverksemd og med tanke på ringverknadar i andre næringar. Jordbruket bidreg til trygg mat, matvareberedskap, kulturlandskap og er ein viktig del av bioøkonomien. For å sikre levande bygder og berekraftig ressursforvaltning vil Sp føre ein eigendomspolitikk og ein landbrukspolitikk som tek var på ein variert bruksstruktur. Dette er med på å sikre ein høgast mogleg sjølvforsyningsgrad og matvareberedskap. Auka lønnsamheit for bonden og tetting av inntektsgap må prioriterast nå, slik at vi får ei berekraftig utvikling og framtidstru. Senterpartiet ønskjer også ei sterk satsing på jordbruksteknologi. Robotisering og automatisering av jordbruket går med sjumilssteg. Det er viktig at både Innlandet og Norge er i forkant av denne utviklinga. For å sikre sjølvforsyning og matvareberedskap må vi i større grad ruste oss til å utvikle og eige denne teknologien sjølve.

### **Reiseliv**

Innan mat og reiseliv har Innlandet ei stor og viktig verdikjede. Innlandet er det største hyttefylke i landet, og ein må ved spørsmål om hytteutbygging balansere ulike omsyn på ein berekraftig måte. Innlandet har også med sitt rike kulturliv og tradisjonar mange gode aktørar innan kulturbasert næringsliv, anten det er kulturinstitusjonar, innan underhaldning eller annan formidling. Eit levande kulturlandskap, med eit levedyktig og variert landbruk, er avgjerande for at reiselivet skal blomstre.

### **Distriktpolitikk**

Senterpartiet i Innlandet ønskjer seg ein meir kraftfull distriktpolitikk med meir desentraliserte løysingar. Gjennom Tett på 2030 vil det i samarbeid med aktuelle kommunar og regionar bli utvikla pilotar for å styrke næringsliv og samfunnsutvikling generelt i enkelte område utanom dei meir sentrale strok i Innlandet. Dette er ei strategisk satsing for å fremje ei balansert utvikling av Innlandet gjennom å utnytte ressursgrunnlag og moglegheiter, og blant anna sørgje for betre tilgang på bustadar.

## Senterpartiet vil arbeide for:

1. Utvikling av heile Innlandet.
2. Utvikling av arbeidsplassar gjennom regionvekstvtaler og bygdevekstvtaler, der det også blir satsa på arbeidsplassar utanom regionsentra.
3. Eit inkluderande arbeidsliv med trygge og gode arbeidsplassar.
4. At fleire statlege arbeidsplassar blir lagt til Innlandet og det at forsvaret er tilstades i fylket blir styrka.
5. At arbeidslivet tek sitt ansvar som lærebedrifter og tek inn lærlingar.
6. Fleire sommarjobbar og praktikantjobbar for ungdom og fleire trainee-ordningar for nyutdanna.
7. Å fremje samarbeid, gründerånd, entreprenørskap og innovasjon, samt satse på elevbedrifter og Ungt entreprenørskap.
8. Fleire grøne og klimavennlege arbeidsplassar og meir sirkulærøkonomi.
9. Kapitaltilgang og risikoavlasting ved større industrisatsingar.
10. Stabil og føreseieleg energitilgang. Meir grøn og miljøvennleg energi. Forutan energi frå vatn, vind, sol, jord/berg og bio-, så bør også moglegheiter med blått og grønt hydrogen bli utnytta og kjernekraft bli utgreidd. Biodrivstoff basert på biometanol kan både forbrennast direkte eller fungere som kjelde for grønt hydrogen. Jobbe for meir utbygging av vasskraft, og legge til rette for modernisering og høgare effektuttak i eksisterande vasskraftverk.
11. At fylkeskommunen gjennom sine bestillingar og anbod stiller krav om berekraftige og miljøvennlege produksjonsprosessar, produkt og tenester, samt mest mogleg gjenbruk og ombruk.
12. Styrking av Regionalt forskingsfond og midlar til forskning, utvikling og innovasjon.
13. Eit godt samarbeid med kommunar, bransjar, industrinettverk, bedriftsklynger, næringsshagar og kompetansmiljø.
14. Å utnytte moglegheiter innan automatisering, robotisering, kunstig intelligens og avansert teknologi. Bruk av IKT og velferdsteknologi opnar for store moglegheiter.
15. Halde fram med satsing på IKT-miljø som cyberforsvar, spillteknologi, AR- og VR-teknologi.
16. Ein eigeidomspolitikk og ein landbrukspolitikk som fremjar ein variert bruksstruktur og ein langsiktig og berekraftig ressursforvaltning. Jord- og konsesjonslovene må behaldast, og at det blir gjeninnført priskontroll ved sal av frittliggande skogteigar, og det må ikkje opnast for at korkje norske eller utanlandske aksjeselskap kan gjevast konsesjon ved erverving av landbrukseigeidommar, og at selskap med avgrensa ansvar ikkje kan få innvilga konsesjon.
17. Eit strengt jordvern.
18. Trygg mat, dyrevelferd og matvareberedskap.
19. Tette inntektsgapet mellom bonden og andre grupper i samfunnet, og legge til rette for lønnsamt og variert landbruk med utgangspunkt i den enkelte gard sine ressursar.
20. Vidare satsing på jordbruksteknologi.
21. At Innlandet skal vere matregion nummer ein i Norge med satsing på lokalmat og ein sterk næringsmiddelindustri.

22. Bruke det nasjonale senteret for fjellandbruk i Valdres som et verktøy til å styrke matproduksjonen i fylket i samarbeid med Storsteigen vidaregåande skule.
23. Bruke Bionova aktivt for å fremje landbruket og kompetansmiljøa i Innlandet.
24. At det blir løyvd meir investeringsmidlar til ombygging av båsfjøs til lausdrift basert på ressursgrunnlaget til det enkelte gardsbruk.
25. Nasjonalt senter for utvikling og produksjon av vaksinar og biologiske legemidlar i Elverum.
26. Eit rikt og velstelt kulturlandskap og eit mangfaldig reiseliv.
27. Kulturbasert næringsliv, blant anna innan media, filmproduksjon og opplevingsnæringar.
28. Jobbe for at pelsdyrnæringa får full kompensasjon.

## ***4. Rovvilt - Vi vil ha ein rovviltpolitikk som tek meir omsyn til beitenæringa, grunneigarar, jegerar og friluftinteresserte, og ikkje minst lokalsamfunna som ligg nær rovdyra.***

### **Ein rovviltpolitikk på lag med lokalsamfunna**

Innlandet er eit landbruksfylke med store beiteressursar. Senterpartiet vil oppretthalde utstrakt beitebruk og anna utmarksbruk i heile fylket. Derfor ønskjer vi ei strengare regulering av norske rovviltbestandar av omsyn til utmarksnæringar og lokalbefolkning. Vidare må all rovviltforvaltning bygge på vitskapleg og erfaringsbasert kunnskap. Det skal leggest vekt på regional og lokal forvaltning, respekt for eigedomsretten, samt livskvalitet og næringsgrunnlag for enkeltmenneska og lokalsamfunn.

Senterpartiet meiner rovviltforliket av 2011 må ligge til grunn for rovviltpolitikken. Når ein bestand ligg over bestandsmålet, skal den forvaltast i tråd med det bestandsmålet som til einkvar tid er vedteke av Stortinget. Senterpartiet i Innlandet støttar regjeringa som i Hurdalsplattforma skriv at den vil fjerne intervallmål. Bestandsmål bør definerast som både minimums- og maksimumsmål. Vidare støttar Senterpartiet i Innlandet Hurdalsplattforma si formulering om å greie ut ein reduksjon av gjeldande bestandsmål for ulv, bjørn og jerv, med mål om å redusere belastninga for beitenæringane og lokalsamfunn. Denne reduksjonen må redusere det samla rovdyrtrykket i Innlandet.

### **Senterpartiet vil:**

1. At rovvilt ikkje skal innskrenke beiteretten og annan bruk av utmarksressursane.
2. Vere ein pådrivar for å innføre ein restriktiv rovviltpolitikk som fylgjer dei fastsette bestandsmåla for bjørn, gaupe, jerv, kongeørn og ulv.
3. Ha ei heilheitleg områdeforvaltning over fylkesgrenser og eit betre samarbeid mellom forvaltningsorgana og rovviltnemndene, også på tvers av regionane.

4. Løyve meir midlar til skadeførebyggande tiltak, og ha uttak som førebyggande tiltak også før beitesesong. Finansiering av skadefelling er ikkje eit kommunalt ansvar og må finansierast fullt ut av staten.
5. At det i beitesesongen skal vere ståande fellingsløyve på rovdyr innanfor rovdyrsikre beitegjerde, beiteprioriterte område og på innmarksbeite.
6. Lisensfelling skal effektiviserast og forenklast, og vedtekne kvoter må tas ut.
7. Uttak av rovvilt er staten sitt ansvar og må skje på en effektiv måte når fellingsløyve er gjeve. Det skal vere mogleg å bruke nødvendige ressursar og hjelpemidlar, som hund, lys, kamera, drone, scooter, helikopter o.l. Det må også vere lov å bruke laus, på drevet halsande hund under både lisensfelling, kvotejakt og skadefelling.
8. Arbeide for at lisensfellingslag blir sikra ein betre kompensasjon for arbeidstid, investeringar og driftsutgift enn i dag gjennom ei ny statleg ordning.
9. Sørgje for auka kunnskap om rovdyrpolitikken sine konsekvensar for reindriftsnæringa og sette i verk tiltak som reduserer rovviltkonfliktane i denne næringa.
10. Gjennomføre ei betre og sikrare teljing av dei ulike rovdyrbestandane, og fastsette kvotene etter fleire kriterium enn i dag.
11. Jervebestanden i Innlandet må ned på bestandsmålet. Det må vere mogleg med lisensfelling og skadefelling i både beite- og jervprioritert sone for å lette det samla rovvilttrykket i område som opplever urimeleg høg total rovviltbelastning. Måretta og tidlege uttak i løpet av lisensfellingsperioden må bli gjort som eit førebyggande tiltak for neste beitesesong i eit samarbeid mellom SNO og lokale ressursar/fellingslag.
12. Det skal takast ut ørn i område med tette bestandar og der tap og skader på bufe og reinsdyr er dokumenterte.
13. At dei som får tap som følge av rovdyrangrep skal få full erstatning.
14. Oppretthalde regionale rovviltnemnder og gje dei større myndigheit enn i dag.
15. Støtte kommunane i kartlegging og dokumentasjon av forhold som kjem inn under naturmangfaldlovas §18 bokstav C (jakt «for å ivareta allmenne helse- og sikkerhetshensyn eller andre offentlige interesser av vesentlig betydning»).
16. At høg innavlsgrad bør vere eit sjølvstendig kriterium for uttak av ulv og at høvet til å skjerme ulv frå forvaltning på grunn av «genetisk viktighet» blir stramma kraftig inn.
17. Opne for å kunne trene laus på drevet halsande hund for å kunne ha dette i verktøykassen for skadefellingslaga.
18. Vere ein pådrivar for at Stortinget vedtek eit lovgrunnlag som sikrar at rovviltbestandane kan forvaltast i tråd med bestandsmål vedteke gjennom rovviltforliket på Stortinget, og i tråd med Hurdalsplattformen.
19. Ulvebestanden må forvaltast ned til bestandsmål, og ulvesona må deretter fjernast.
20. Rovviltkontaktar utanom SNO/Fjellstyra må ha arbeidsavtaler som sikrar at dokumentasjonsarbeid har prioritet i beitesesongen.

## **5. Klima og miljø - Vi vil ha ein klima- og miljøpolitikk som bidreg til å redusere geografiske og sosiale forskjellar og som sikrar ei berekraftig forvaltning med framtidstru.**

Klima- og miljøspørsmål må sjåast i samanheng med energispørsmål. Vi skal omstille samfunnet vårt for ei berekraftig framtid. Da må vi finne gode og balanserte løysingar mellom energiproduksjon og energiforbruk, råvareuttak og vareproduksjon opp mot klimaavtrykk og påverknad av naturmiljøet. Dette handlar også om beredskap. Ein beredskap for å forebygge mot naturfarar, sikre energiforsyning og høgare sjølvforsyning av mat.

Dette må sikrast gjennom lokal kunnskap og kjennskap til både utfordringar og moglegheiter. Tiltak som passar ein stad, passar ikkje nødvendigvis på ein annan. Samtidig må vi i fellesskap jobbe for å nå klimamåla. Vi må utvikle bioøkonomien, handle gjennom sirkulærøkonomien og i fellesskap legge FN sine 17 berekraftmål til grunn i vårt arbeid med å sikre gode lokalmiljø og levekår.

Innlandet er rikt på fornybare naturressursar og dei skal forvaltast slik at kommande generasjonar har minst like gode moglegheiter som det vi har i dag. God forvaltning og berekraftig bruk er beste naturvernet, og auka produksjon av fornybare råvarer basert på lokale ressursar er ein viktig del av løysinga på klimautfordringane.

### **Senterpartiet vil:**

1. Arbeide for at Innlandet kan handtere auka risiko for natur- og klimaskadar.
2. Utvikle skjøttsplanar for vassdraga, for å forenkle masseuttak og flaumførebygging.
3. Sikre god forvaltning av naturressursane. Langsiktig og berekraftig bruk er det beste naturvern.
4. Sikre villreinen sitt leveområde ved å kanalisere ferdsel og avgrense hyttebygging inn mot villreinen sitt leveområde.
5. Ta vare på kulturlandskapet med omsyn til truga artar som er avhengige av kulturlandskapet.
6. Verne dyrka- og dyrkbar mark og utmarksbeite mot nedbygging.
7. Ha eit skogbruk med fokus på korleis berekraftig bruk sikrar klima og miljø og artsmangfald.
8. Avgrense næringsstoff på avvegar, gjennom tilskot til presisjonsgjødsling.
9. Erstatte fossilt karbon som olje, gass og kol, med fornybare råstoff frå jord- og skogbruk, og fornybar energi frå sol-, vind-, vasskraft og bioenergi innan 2030.
10. Innføre eit karbontilskot for binding og lagring av karbon.
11. Sjå på landbruket som ein viktig faktor, med karbonbinding, utnytting av fornybare ressursar, beiting, kortreiste produkt, lokal verdiskaping og matvareberedskap.
12. Auke bygging i tre, for å lagre karbon og redusere utslepp frå sement- og stålproduksjon.
13. Støtte grøn og berekraftig nærings- og industriutvikling.
14. Gje solenergi og energilagring vilkår for lønnsemd ved produksjon til eige bruk og levering av overskotskraft på nettet.
15. Arbeide for å stimulere til energisparing.
16. Bruke livsløpstankegang og auke andelen gjenvinning.

17. Bidra til kunnskapsutvikling og folkeleg involvering om berekraftig samfunnsutvikling.
18. Bidra til samordning, finansiering og gjennomføring av kommunane sitt klima- og miljøarbeid.
19. Bidra til gode kompetansehevingstiltak og undervisningstilbod for lærarar og elevar i vidaregåande opplæring innan klima og miljø med både bioøkonomi og sirkulær økonomi i fagplanane.
20. Bidra til grenseoverskridande samarbeid, spesielt i Norden.
21. Bruke den fylkeskommunale innkjøpspolitikken til å aktivt krevje innkjøp med låge klimagassutslepp.
22. Vidareføre bruk av klimabudsjett og klimaregnskap som viktige styringsverktøy og med ein ambisjon om at dette arbeidet skal gjerast av fylkeskommunen og ikkje av eksterne konsulentar.
23. Innlandet fylkeskommune skal til einkvar tid fylgje nasjonale mål og sette i verk tiltak for å redusere klimagassar med mål om å vere klimanøytral i 2050.

## ***6. Energi – Vi vil ha ein energipolitikk som sikrar eit langsiktig eigarskap med god lokal forankring, som gjev både eigarane og energiselskapa føreseielege rammevilkår, og som sikrar innbyggjarar og næringslivet sikker leveranse av strøm til rimeleg pris***

Både kommunar og fylkeskommunar har eigarskap i produksjonsselskap for straum og nettselskap og dette eigarskapet ser vi er viktig for å sikre god lokal forankring og det er viktig med eit aktivt eigarskap. All produksjon, fordeling og bruk av energi må skje på ein samfunnsmessig rasjonell og energieffektiv måte og det må takast både allmenne og private omsyn. Vi skal gjennom vårt eigarskap vere med på å gje innbyggjarane og næringsliv over heile Innlandet tilstrekkelege og sikre straumleveransar og annan infrastruktur for grøn samfunnsutvikling. Tilgang til moderat nettleige og gunstig prising av kraft er eit grunnleggjande prinsipp. Rein og billig straum har vore eit viktig konkurransefortrinn for næringslivet og dette må sikrast også vidare. Kraftprisane må reflektere produksjonskostnadar og regulering av marknaden må reflektere dette.

Vi ser at tilgang til og utvikling av energi krev kunnskap og koordinering i den tida vi går inn i. Derfor meiner Senterpartiet at vi skal opprette eit regionalt kraftforum som eit samarbeidsforum som kan samle statlege organ, fylket og berørte kommunar i regionale koordineringsmøte for å gjennomgå aktuelle konsesjonar for kraftproduksjon og straumnett. Det vil vere naturleg at representantar frå NVE, Miljødirektoratet, Statnett og statsforvaltaren er representert i organet, i tillegg til regionale nettselskap med ansvar for kraftsystemutgreiingar, kraftselskap, fylkeskommunen og berørte kommunar.

### **Senterpartiet meiner at:**

1. Skal vi lykkast med grøn omstilling og elektrifisering må vi få kontroll på straumprisane gjennom eksportregulering kombinert med ei nedre grense for magasinfylling.
2. Bygge ut og vedlikehalde kraftnett og kraftproduksjon over heile Innlandet.

3. Offentleg eigarskap i kraftbransjen skal bidra til å stimulere lokalt og regionalt næringsliv gjennom ei aktiv eigarskapsstyring i Innlandet Energi Holding AS.
4. Nettselskap i kraftbransjen skal praktisere opplysnings- og rettleiingsplikt overfor kundane sine.
5. Produksjonsselskap i kraftbransjen bør tilby gunstige langsiktige fastavtaler for straum etter dei varsla endringane i skattesystemet for næringslivet og hushaldningar.
6. Innlandet fylkeskommune skal vere med på å legge til rette for energiøkonomisering og utvikling av grøn energi i heile Innlandet.
7. Det bør også vurderast eller leggjast til rette for kraftproduksjon i samband med flaumførebygging, også i allereie verna vassdrag om det er nødvendig. Som ein del av dette arbeidet må ein også vurdere å foreslå ny vasskraftutbygging som flaumførebyggande tiltak.
8. Fylkeskommunen skal sørge for meir eigenproduksjon av straum på eigne bygg, samt setje i verk enøk-tiltak.
9. Etablere eit regionalt kraftforum, etter modell av regionalt planforum, som blant anna skal sjå på og vurdere alle aktuelle konsesjonssøknader og nettutvikling i regionen samla og i et overordna perspektiv.
10. Fylkeskommunen skal legge til rette for meir produksjon av fornybar energi i heile fylket og støtte tiltak som sikrar meir lokal energiproduksjon, som solenergi og bioenergi i samspel med offentleg verkemiddelapparat.
11. Ta initiativ til ein hovud- og utbyggingsplan for kraftproduksjon i fylket.

## ***7.Kultur – Vi vil ha ein kulturpolitikk som styrker frivilligheita og legg til rette for eit breidt spekter av kultur- og idrettstilbod og sikrar vår kulturarv som er viktig for identitet, inkludering og tilhøyrighet.***

### **Kultur, tilhøyrighet og frivilligheit bygger levande lokalsamfunn**

Kultur handlar om menneskeleg samhandling og eit mangfald av aktivitetar og uttrykk. Senterpartiet ønskjer kulturtilbod over heile fylket, med arrangement og kulturopplevingar som styrker tilhøyrighet og knyter folk saman. Vi treng arenaer og aktivitet som støttar opp om dette over heile fylket, for å skape gode relasjonar, bygge identitet og levande lokalsamfunn. Kulturarv og kulturminne må takast vare på, og kulturminnevernet må styrkast da kvart fjerde freda bygg i Norge står i Innlandet. Frivillige organisasjonar er berebjelkar i lokalsamfunnet. Dei tilbyr opplevingar og sosiale aktivitetar, men er også ein viktig pilar i det norske velferdssamfunnet.

### **Senterpartiet vil jobbe for:**

1. Attraktive kulturtilbod og gode møteplassar i våre nærmiljø over heile Innlandet.
2. Ein sterk og engasjert frivillig sektor, med særleg satsing mot barn og unge.
3. Gode støtteordningar for kulturproduksjonar, arrangement, arenaer og anlegg over heile fylket.
4. Levande kulturarv for felles identitet, opplevingar og utgangspunkt for verdiskaping.
5. Allsidige moglegheiter for aktivitet, opplevingar og utvikling innan kulturlivet.

6. Tradisjonshandverk som næring blir gjort tilskotsberettiga frå Innovasjon Norge.
7. Ta vare på kulturminne og freda bygg i privat eige med finansiering og spesialiserte handverkarar.
8. Utvikling av kultur- og idrettsarrangement for lokalt, nasjonalt og internasjonalt nivå.
9. Moglegheiter for aktivitet, opplevingar, læring og utvikling for barn og unge innan kulturlivet.
10. Innlandet skal ha eit aktivitetsvennleg samfunn, der alle uavhengig av alder, kjønn, funksjonsnivå og sosial bakgrunn blir gjeve moglegheit til fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv.
11. Folkemusikk og folkedans blir gjeve moglegheiter for utvikling og rekruttering.
12. Digitale og teknologiske løysingar som bidreg til formidling, kunnskapsutvikling, opplevingar og digital kreativitet i kultur og frivilligheit bør styrkast.
13. Bibliotek skal også vere ein møteplass og arena for samskaping og lokalsamfunnsutvikling.
14. Fremje lokal journalistikk, og spesielt dekning av idrett, kultur og frivilligheit, barn og unge.
15. Stoltheit over språk og lokale dialektar, som ein viktig del av identitet og kulturarv.
16. Sikre både nynorsk og bokmål som brukspråk i fylkeskommunen, og minst 25% nynorsk i allment tilgjengelege dokument og tekstar.
17. Tilskot til frivillige organisasjonar for organisasjons- og demokratiopplæring for barn og unge.
18. Støtte lokale kulturaktørar som er pådrivarar og som bidreg til aktivitet i regionane i fylket, i samarbeid med kommunane.
19. Styrke «Unginn» som eit kulturtilbod for unge i heile Innlandet.
20. Regionale kulturtilbod i alle fylket sine regionar.

## ***8.Helse – Vi vil ha ein helsepolitikk som sikrar desentraliserte helsetenester som yter gode og likeverdige tilbod og satse på førebygging framfor reparering.***

Senterpartiet vil ha eit godt tannhelsetilbod i heile fylket med ein god klinikk-struktur. Tannklinikkar kan berre leggest ned dersom det er korte avstandar mellom klinikane og gode buss- og kollektivtilbod. Dersom enkelte klinikkar elles er vanskelege å bemanne, kan ein nav-satellitt-modell vere ei løysing. Enkle behandlingar og undersøkingar kan da gjerast ved satellitt-klinikken, medan større behandlingar kan gjerast ved navet eller hovud-klinikken.

Senterpartiet ønskjer å skape helsefremjande samfunn, førebygge sjukdom og sikre ei desentralisert helseteneste som yter gode og likeverdige helsetenester i heile Innlandet. Den offentlege helsetenesta skal sørgje for beredskap og tryggleik i kvardagen og tilgang på helsehjelp av høg kvalitet ut frå behov uansett kvar i fylket ein bur.

Senterpartiet vil satse på førebygging og helsefremjande arbeid gjennom tett samarbeid og samhandling mellom dei ulike helsetenestene og på tvers av fagfelt, f.eks. ved samarbeid mellom helsevesenet og daglegvarebransjen for å legge til rette for eit sunnare kosthald hos befolkninga. Nærleik til natur og friluftsliv bidreg til aktivitet og livsglede. Senterpartiet vil stimulere til auka bruk av naturen til rekreasjon, lågterskelaktivitetar og førebygging.

Merking av stigar og løyper i lokalsamfunnet kan vere ein enkel måte å stimulere til auka fysisk aktivitet på, etablering av *tankeplassar* og *dagsturhytter* er eit anna døme. Andelen unge med psykiske plager er aukande og lågterskeltilbod for ungdom må styrkast. Fysisk aktivitet, variert kosthald og god livskvalitet er viktig. Kommunane treng auka overføringar for å innfri det ansvaret lovverket pålegg og for å sikre alle innbyggjarar ein fastlege.

Senterpartiet kjempar for folkevald styring av sjukehusa, og vil dreie leiarskapspektivet i helsetenesta i retning av meir ansvar og tillit til dei som arbeider nærast pasienten. Senterpartiet ønskjer ei ny finansiering, organisering og leiing og meiner helseføretaksmodellen må avviklast. Offentleg eigarskap og stadleg leiing er viktig. Styra bør vere valde og samansette av folkevalde i fylkestinget. Desse skal styre innanfor rammene nedfelt av Stortinget i nasjonal helse- og sjukehusplan. Specialisthelsetenesta må vidareutviklast i heile fylket, som på dei lokalmedisinske sentra på Fagernes, Otta og Hadeland, og sjukehusa må byggast med nok kapasitet og rom til behandling og pleie, samt tidsriktig medisinsk og teknisk utstyr og bygg. Desse må samtidig vere gode arbeidsplassar for dei som jobbar der. Mangelen på kvalifisert helsepersonell blir stadig meir alvorleg og må møtast med ein plan for auka kapasitet i utdanningssektoren for denne gruppa yrker. Samtidig bør det vere ein plan for å behalde kvalifisert helsepersonell.

Innlandet har dei siste åra opplevd ei nedbygging av offentlege psykiatriske tilbod. Senterpartiet ser kor store menneskelege og beredskapsmessige fordelar det er å bygge opp att gode desentraliserte tilbod ute i heile fylket, og vi vil prioritere dette høgt.

#### **Senterpartiet vil:**

1. Sikre kvalitet og kompetanse innan tannhelsetenesta i heile Innlandet og ha eit godt tannhelsetilbod for alle innbyggjarane og gradvis utvide den offentleg finansierte tannhelsetenesta.
2. At alle innbyggjarar skal ha kort veg til både ordinær tannbehandling og kjeveortoped.
3. Jobbe for god dekning og vidareutvikling av spesialisthelsetenester og uttrykkingstenestene i heile fylket, som eit ledd i å styrke beredskapen.
4. Støtte statleg finansiering og utprøving av ulike modellar for samhandlinga mellom kommunane og spesialisthelseteneste.
5. Arbeide for eit tilstrekkeleg tal på operative ambulansar med kort responstid, og god dekning av luftambulanse i heile fylket.
6. Sikre og utvikle behandlings- og rehabiliteringstilbodet og følgje opp handlingsplan for psykisk helse.
7. Jobbe for å sikre nok fastlegar til kommunehelsetenesta.
8. Satse på førebyggjande psykisk helsearbeid og styrke lågterskeltilbodet til ungdom.
9. Flytte verkemidlar for å følge opp folkehelseansvaret frå statsforvaltaren til fylkeskommunen.
10. Stimulere til fysisk aktivitet i kommunane.
11. Førebygge narkotikamisbruk ved at politiet har god dialog med skulane og ungdomsmiljøa, til dømes gjennom årlege besøk på vidaregåande skular.
12. Gje frivillig sektor og idretten ei viktig rolle i gjennomføringa av folkehelseiltak.